Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing, Takter og åtferd

Oppskr. av: Jakob H. Vik

(adresse): Øystese

Fylke: Hordaland

Herad: Kvam

Bygdelag: Øystese

Gard: Vik, övre

G.nr. 42 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Ja.

1. Ja, nikkar med hovudet
Nei, ristar på hovudet
eller vinkar avvergande
med högre handi.
2. For 50 år sidan kjende me
mest alle folk i Kvam.
Då helsa me på alle som
me råka etter vegen.
3. Dei yngre skulde helsa fyrst.
4. Var det godt kjende folk
som skyldan møttest eller
dei var i slekt, so helsa dei
oppi handi.
5. Det var kun for presten
skrivaren. Juten og lens-
mannen eine letta på hatten
for. Storbönder var i mange
ller. Dei andre var like
6 Nei
7. Ikkje det eg her haust
8. Når folk kom på vitjing
som var sers godt kjende
eller skyldfolk, so handhelsa dei

Sjå sp. 4

7729

9. Ukjendt for meg

10 På Kyrkjeveg ein sundag eller helgedag lette dei gamle på hatten medsam dei høyrde kyrkjeklokka.

11. Likferd. Dei stogga og tok hatten av til likfylgjet var forbi komi.

12 Nei.

13 Fyre kl. 9 sa dei „Gomoro." Sidan på dagen sa dei Godag og om kvelden „Gokveld," når dei møttest "Farvel, sa dei når dei skildest og gjekk.
„Gonatt" sa dei om kvelden eller at det var myrkt.
Men for 40-50 år sidan so helsa dei kvarandre på vegen med „Velkomen te."
Den andre svara antan berre „Takk" eller også „Velkomen til møtes med."

14 Ja folk tjauge det i torki og jaole Judalag.

15 Eg og mange andre svarar med den helsing som høver eller som dagen lid.

16 Ja dei eldre, men ikkje ungdomen

17 Ja. alle dissi nemningar var nytta og vert nytta endå av eldre folk.
Ja. t.d. „Te lukka med meiningja";

7729

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

når me mötte vertskapi i
bruðlaupsgarden.
19. Ja det vart ofte nytta.
Goddag i heimen her eller
Goddag i Stova.
20 Han sa t.d.
„Eg skulde ha ein prat med
husbonden under 4 augo"
21. Ja dersom ein ikkje var
kunnige eller kunnskjende.
22 „Kom inn!"
Då han kom inn so smudde
han seg mot husbonden og
helsa t.d. ved ei maltid.
„Goddag og Signe maten."
23. Ja; men husbonden
svara som regel snøggt:
„Du får setja nedpå"
eller „Du får setja kuråt." o.l.
24. Han tok hatten av
medsame han kom inn.
25. „Det er framande folk
ute å fere" eller
„Det er langfarande folk
ute å gabe."
26 Ikkje so eg kjenner.
27 Minnest ikkje noko om det.
28. Dersom det var fullt med
arbeid i Stovo so tinka
dei av stolen, men ikkje
ellest når alt var i orden.
29 Då gjenne husbondsfolket
kvit og nevehelsa på
gjestene og bad dei
velkomne til gards.

7729
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4.

30 Farvel. og svara farvel.
31. Ho Mor fylgde oss inn på Rossvoll i kring 300 m frå husi våre. Der tok ho farvel med oss. Bad oss fyrst om å fara fint og sömeleg[t] åt, dinæst å vera trugne og ölege i all vår ferd og bad oss lesa flittigt i Bibelen og tilslutt ynskte ho Guds signing over oss. Ho hadde 11 born, men ikkje alle vaks opp. 2 døydde för dei vart 11 år.
32 Nei
33 Har aldri sett det heima hjå oss, anna enn mor kyssti småborni
34 Nei
35 Nei
36.-37 Ukjennt for meg
38 Du må vera god mot t.d. henne syster eller mor o.s.
39 Borni brukte å leyta nos, men ikkje vaksne
40 Ukjennt
41 — " —
42. — " —
43 Berre millom born og millom Mor og born
44. Ved trulovinga når eit barn var fødd, ved årmalsdagar o.l
45 Gledeleg jul. Signa jul. gledeleg hågtid. Hjarteleg tillukka med sonen — dattri o.s.b.

7729
NORSK ETNOLOGISK G[ransking]

46 Eg tek del i sorgi.
Eg tek hjarteleg del i sorgi Di.
Gud signe Deg i sorgi
47 Takk.
48 Ja ein tenkkar gjer lag.
Dei nukla gjeri gjenn kjømestaren del eller ogso i vissi høve husbonden På gravbakken. dersom dette nagkor fram som ikkje var leidne i Skjaundi.
49. Ved å gjera ein hnyp eller ved å flira og trukkja på oksli o l.
50 Me segjer Du til alle vanlege folk. Kan vera undantak for presten og andre embetsfolk, der segjer me De
I eller Je er aldri nytta.
51 Ikkje ved samtali med vekomande.
Det må vera når me talar om nokon som ikkje er tilstades.

Opptekse 8/4 - 1953.

7729